

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Nadine Gutte-Preusse	FE-230, FA-G10	22/421

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/22	Eldrerådet	PS	16.11.2022
098/22	Formannskapet	PS	22.11.2022
	Kommunestyret	PS	

Justering av sats for omsorgsstønad 2023

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Omsorgsstønad er lovfesta i Helse-og omsorgsloven § 3-6 tredje ledd. Omsorgsstønad for særleg tyngande omsorgsoppgåver vert tildelt etter bestemte kriterier og skal gjera det mogleg for private omsorgspersonar å oppretthalda omsorgsarbeidet for sine næraste. Omsorgsstønad kan sjåast på som ei form for oppvurdering av det ubetalte omsorgsarbeidet. Private omsorgsytare skal få noko betaling for det omsorgsarbeidet dei gjer. Betalinga dekkar som regel ikkje dei reelle utgiftane eller inntektstap for den som ytar omsorga. Søkjaren har rett på berekning av kva for eit timetal ytinga vert betalt for. Det skal vidare skje ein konkret utmåling ut frå ein timesats som vanlegvis ikkje skal vera under det lønt personell får. Viser i tillegg til dei utarbeidde retningslinjer for omsorgsløn i Fedje kommune (vedtak K-010/04).

Vurdering

Timesats for omsorgsstønad låg på kr.171,57 for 2022. Det er vanleg at kommunane set fast timeløna til dei som får omsorgsstønad likt med timeløna til stilling utan særskilt krav om utdanning. Kommunen fastset sjølv kor mange timar dei skal gje omsorgsstønad for. Den som får omsorgsstønad, må betala skatt for det, og kommunen må betala arbeidsgjeveravgift. Justert med normal lønnsstigning utgjer dette ei timeløn på kr.176,65 for 2023.

Regjeringa ser på omsorgsstønad som skattepliktig yting og anbefalar at satsane vert justert i takt med utviklinga av grunnbeløpet til folketrygda. Dermed bør maksbeløpet setjast fast til grunnbeløpet til folketrygda på kr.111477 per år. Dette svarer til kr.9290 per måned.

Folkehelse

Omsorgsstønad gir rom for personar med store omsorgsbehov å bu lengre heime såframt dei har ein omsorgsperson dei kan støtte seg på. Dette står i tråd med reforma «Leve heile livet».

Miljø

Økonomi

Kommunane har etter lova plikt til å ha ei ordning med omsorgsstønad, og det må setjast av tilstrekkeleg midlar til dette formålet. Kommunen kan ikkje avslå ein søknad om omsorgsstønad grunngjeve med at ein ikkje har denne ordninga eller at det ikkje er pengar til rådvelde. Ordninga har hittil ikkje vore nytta i noko omfang i kommunen, men det kan endra seg avhengig av kva tilgang det er på til døme sjukeheimplassar eller heimesjukepleie i høve til etterspurnad. Det er per i dag ikkje budsjettert for denne ordninga.



edje kommune

Konklusjon

Timesats er utrekna med basis i kva som er vanleg praksis og justert med forventa lønsauke.
Maksbeløp er tilpassa statlege føringar.

Forslag til vedtak:

Med verknad frå 01.01.2023 vert timesatsen for omsorgsstønad satt til kr.176,65 og maksbeløpet vert satt til kr.9290 per måned.

Eldrerådet - 006/22

ELD - **behandling:**

ELD - **vedtak:**

Med verknad frå 01.01.2023 vert timesatsen for omsorgsstønad satt til kr.176,65 og maksbeløpet vert satt til kr.9290 per måned.
Samrøystes vedteke.